

## **BAKKEJEKTA FRÅ HOLMEDAL**

Bakkejekta er den einaste som er igjen av dei hundrevis av jekter som har vore i Sunnfjord. Det er den eldste jekta som finnast att i Noreg, truleg den eldste båt i landet utanom vikingskipa. Den lokale tradisjonen seier den er bygd kring 1730 - 1750.

Bakkejekta er ei lita jekt, 9,9 m lang og 3 m brei. Storleiken på båtane på 1800-talet var målt etter kor mykje dei lasta. Bakkejekta si vanlege last var ca. 40 tønner, d.v.s. ca. 3 lester (ei lest = 12 tønner). Namnet Bakke-jekta kjem av at ho var eit felleseige mellom Bakkegardane ved Holmedal i Dalsfjorden.

Tur til Bergen:

Var det strykande bøl, så varde ikkje ferda til Bergen lenge. Jens Bakke var som 11-åring med jekta på ei byferd og han fortel at dei reiste frå Holmedal klokka 9 om morgonen og var i Bergen klokka 4 om ettermiddagen.

Slik var det slett ikkje på kvar byferd. Var det vindstille eller motvind kunne dei bli liggjande i ro både vel og lenge. Rett nok har Bakkejekta årar. Dei er 4,4 m lange og ikkje lette å ro med. Det var berre nytta når ein skulle manøvrere båten i hamn. Det var det store råseglet på masta midt i båten som var einaste dugande framdriftsmiddel.

### **Bygd på nytt**

Tidleg på 2000-talet kom eit initiativ om å etablere eit partslag og bygge ein kopi av Bakkejekta. Den vart bygd på den opphavelege måten på Jensenbua i Dale, og var klar til sjøsetting Jonsok-afta i 2006. Sidan då har den nye Bakkejekta sett segl for å formidle kystkultur langs fjordane i fylket, og m.a. lagt ut heilt til Island.